

## Skorpo-hytte sold for 2,3 millionar

16.06.2008



Visninga av hytta som nyleg vart sold samla god interesse. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Hytta til Ivar Sjetne og Torunn Arnesen Sjetne like ved eidet mellom søre og nordre Skorpevågen er sold for 2,3 millionar kroner medan antyda pris på førehand var halvannan million.**



Dette bildet er teke frå hytta som nyleg er seld mot området på den andre sida av søre Skorpevågen der det skal byggjast tre nye hytter.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Meklarer i Sparebanken Vest seier til uskedalen.no at salssummen var høgare enn forventa sjølv om det ikkje har vore nokon spesiell prisnedgang på hytter ved sjøen i dette distriktet i det siste.. Summen strekar under at Skorpo får stadig høgare status som hytte-eldorado. Det kom bod frå folk både i lokalmiljøet og utanfrå og det var ein utanfrå som til slutt fekk tilslaget etter ein frisk "innsput" med bod.

Meklarer anslår hyttas tekniske verdi til 1,75 million.

Allereie under visninga for stutt tid sidan vart det lagt for dagen bra interesse for hytta som ligg i ei vakker naturramme med flott utsikt i alle retningar.

Like ved er det bygt tre nye hytter i dei seinare år – den siste vart teken i bruk for få månader sidan. På den andre sida av søre Skorpevågen er det no laga ein utbyggjingsplan for tre nye hytter på grunnen til Kåre Hauge,


J. Tufteland på Stord har laga planen og har motteke to merknader, som Øystein Tufteland har kommentert før han har ekspedert saka til kommunen for endeleg avgjerd.. Den eine merknaden er frå fylkeskommunen som viser til regional arealpolitikk.

- Dette er det teke omsyn til, då utbyggjingsplanen er i samsvar med overordna plan. Kulturavdlinga kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne innan området. Ellers er omsyn til kulturminnelova teke inn i føresegnene, skriv Tufteland.

Statens vegvesen meiner at det må planleggjast "landfeste" på fastlandssida, med parkeringsplass og båtplass for dei som skal ut til hyttefeltet. Til dette visar Tufteland til eksisterande hytter på Skorpo, der eigarane kjem i båt frå ulike stader, mellom anna Stord og anadre stader i Kvinnherad.

Etablering av eit slikt "landfeste" er difor ikkje relevant for planen, meiner Tufteland. Han nemnar også at grunneigaren vil tilvisa båtplass for hyttekjøparane i eigen båthamn på Skorpo.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er planen for dei tre nye hyttene ved nordre Skorpevågen.